ANON. (1977) har funne at den karakteristiske smaken hjå agurk kan førast attende til to umetta C_q - aldehyd (nona-trans-2, cis-6-denal og nona-trans-2-enal). Desse vert danna hurtig ved ein serie enzymatiske reaksjonar når fruktkjøtet vert skadd.

Den bitre smaken på agurk som var velkjend tidlegare, hadde si årsak i høgt innhald av cucurbitacine C. Nedarvinga er avhengig av eit gen - Bi (BARHAM 1953), men det er andre som meiner det er meir komplisert.

I praksis skil vi mellom sortar som vert bitre (Bi Bi), sortar med bitterfrie frukter (Bi bi) og sortar med bitterfrie planter (bi bi). PONTI et al. (1980) har kome til at verknaden av Bi er påverka av additive "intensifier" gen.

Sume reagerar på agurk ved å gulpa luft. Kva dette skuldast veit eg ikkje, men det er ein amerikansk sort som ikkje skal framkalla slik reaksjon. Sorten heiter difor 'Burpless'.

i. Lagringsevne

At fruktene held seg godt etter hausting er viktig. Ser ein på eit stort sortiment, vil ein finne store skilnader. I eigne forsøk har eg funne at sorten 'Marketer' var svært god. Det har vore

nyttå fleire utvalsmåtar for å betra lagringsevna som glatte fruker, tjukt fruktskal og -kjøt, men nå legg ein størst vekt på kor fort fruktene gulnar etter hausting. Om det er genetiske skilnader, er ukjent.

4.2.3. Temperaturkrav

Agurk er ei varmekrevande plante. For å redusera energitrongen, har det vore arbeidd intenst med å koma fram til planter som kan veksa og gi god avling ved lågare temperatur. Målsettinga har vore å redusera temperaturkravet 5°C. NIJS (1980) har dyrka 20 F₄ foredlingsliner og 5 handelssortar under to temperaturprogram (20/15 og 23/20). Av resultatå i figur 4.3. kan ein sjå at det var stor variasjon i båe gruppene. Dei mest lovande linene veks godt ved lågare temperatur og hadde større bladareal. Dessutan utviklar fruktene seg fortare, og det kan sjå ut til at det er ein annan balanse mellom vegetativ vekst og fruktvekst.





Fig. 4.3.a. Tal frukter produsert av 20 foredlingsliner og 5 handelssortar i løpet av dei seks fyrste haustevkene og ved 2 ulike temperaturar.



Figur 4.3.b. Total fruktvekt i kg produsert av 20 foredlingsliner og 5 handelssortar i løpet av dei seks fyrste haustevøkene og ved 2 ulike temperaturar. * = gjennomsnittet.

5. RESISTENS

5.1. Sjukdomar

I resistensforedlinga talar ein om vertikal og horisontal resistens. I agurk finn ein døme på baa - eit eller fleire gen styrer resistensen.

Agurk er utsett for ei rekke sjukdomar, og foredling for resistens mot desse er svært aktuelt. SITTERLY (1972) har publisert ei oversikt om dette emnet innan Cucurbita.

a. Ruteflekk - Corynospora melomis (Cooke) Lindan

Dette var ein alvorleg bladsjukdom for 50 år sidan. Innan slangeagurk var 'Butcher Disease Resister' den fyrste sorten med resistens. Resistensen vert tilskrive eit dominant gen. Alle sortar

har resistens.

b. Agurkbladflekk - Stemphyllium consortiale


er størst problem på friland, men i plasthus har vi hatt skade. Av dei sortane som har vore mest utsett er 'Femstar'.

c. Gummiflod - Cladosporium cucumerium Ell. & Arth.

har vore eit stort problem mange stader. Også mot denne sjukdomen er det resistens som er styrt av eit dominant gen. 'Green Spot' var truleg den fyrste sorten med resistens som vart dyrka her i landet. Alle nyare sortar har resistens mot gummiflod.

d. Mjøldogg - Spheroteca fuligena Slecht ex. Fr. Poll. og Erisiphe cichoracearum Dc.

gjer årleg store skader i agurkkulturane. I slangeagurk reknar ein at det er den fyrstnemnde som gjer størst skade. Det er ulikt syn på nedarvinga av mjøldoggresistens. TEMMEN et al. (1980) har skrive om kva resistens mot S. fuligena er. Deira teori er at det i blada er mottakelege og resistente celler og at høvet mellom desse avgjer resistensen. Dette vert kontrollert ved å studera utvikling av vakuolar i epidermiscellene. Dette går fram av figur 5.1.



Figur 5.1. Skilnad på utvikling av vakuolar hjå to agurksortar. (TEM MEN et al. 1980).

SMITH (1948) fann at resistensen var polygenisk. WARID et al. (1969) seier at det er to par duplikate gen (Pr_1pr_1 Pr_2pr_2). Resistensen er recessiv.

SHANMUGASUNDARAM et al. (1971) hevdar at resistensen er avhengig av eit recessivt hovedgen - S - som gir hypocotylresistens (intermediær), men som også er avgjerande for bladresistens (fullstendig resistens). Bladresistensen er bestemt av eit dominant gen - R - som berre verkar saman med s. Genet - I - er eit hemmande gen som hindrar bladresistens, men det har ingen verknad på genet s.

Døme:

Resistent:	RR ii ss
Intermediær:	rr II ss
Mottakeleg:	RR II SS

Denne gruppa meiner at resultat som er oppnådd av andre, kan forklarast ut frå deira teori slik at nedarvinga ikkje er så komplisert som ein kan få inntrykk av.

KOOISTRA (1968b) har kome til at resistensen hjå slangeagurk er avhengig av tre recessive gen.

Det er nå marknadsført sortar av slangeagurk med mjøldoggræsistens, men det er for tidleg å tilrå slike sortar for langkultur fordi dei er noko seinare, men serleg fordi dei får bladskader (nekrose) under dårlege lystilhøve. Vi har hatt slike sortar i forsøk sidan 1974, og synes sortane er lovande.

I 1982 har firmaet van den Berg introdusert to sortar som kan plantast frå midten av januar. Det vert likevel tilrådd å fjerna fruktene til 125 cm høyde.

e. Agurksvartprikkråte - *Mycosphaella citrullina* (c.o.sm) Gross - *Didymella bryoniae* (Avers) Rehm.

har gjort stor skade dei siste åra. Det vert hevda at det er resistens i den amerikanske sorten 'Poinsett', men førebels er det ingen resistente sortar. Frå belgiske sortsforsøk vert det derimot hevda at sortane 'Monique' og 'Bambina' er spesielt utsette. Hjå melon er det to dominante gen som gir resistens (Rm og Mm).

Eit av problema ved foredlinga har vore å finna ein god testemetode. MEER (1977) omtalar den testemetoden han har kome fram til for unge planter. Ved å nytta denne metoden har han påvist eit visst nivå av resistens hjå unge planter i sortane 'Leningradsky', 'Wjarnikowsky', 'Rheinische Vorgebirge' og to kryssingar av

'PI 200818' frå Bruinsma og 'PI 339241' frå Tyrkia.

PONTI (1978) ved same institutt seier det er laga ein F_4 -generasjon med relativt høgt resistensnivå. Testinga er likevel framleis eit stort problem fordi resistens på unge planter ikkje er korrelert med resistens på eldre plantedeler eller frukter. STEEKELENBURG (1980) har arbeidd vidare med metodespørsmålet for å kunna testa resistens på frukta. Dette arbeidet held fram, men det vert truleg eit langvarig arbeid før vi ser resultat i praksis.

f. Svartrotråte - Phomopsis sclerotioides Kist.

er den siste soppen som er påvist hjå slangeagurk her i landet. Vi kjenner ikkje til at det føreligg resistant materiale. PONTI (1978) har testa ei rekke arter for resistens, men til nå har han ikkje funne noko.

g. Falsk mjøldogg - Pseudoperonospora cubensis (Berh. & Curt.) Ros.

vart registrert som skadeleg i Nederland i 1973. Det er grunn til å rekna med at også vi vil få problem med denne soppen. Så vidt vi kjenner til er det ikkje resistente sortar av slangeagurk, men for denne soppen er resistens (ikkje fullstendig) kjent i anna materiale. JENKINS (1946) fann at resistensen var knytt til multiple gen. Ein kan truleg venta resistens også mot denne sjukdommen med tida.

h. Fusarium sp.

gjer ikkje så stor skade på slangeagurk, og det er heller ikkje resistente sortar.

5.2. Virus

Det er fleire virus som gjer skade på agurk, og dei viktigaste er AMV1 og AMV2. Frå Nederland er det nyleg omtala åtak av "salatgulningsvirus". Det vert berre overført med kvitfly så problemet synes å vera mindre enn med dei to nemnde.

Resistensfordling mot virus i agurk har det vore arbeidd med i mange år, men det synes å vera vanskeleg å kombinera resistens med dyrkingsverdi. Sorten 'Virel' har resistens mot AMV1, men er

utan praktisk verdi hjå oss. KOOISTRA (1969) seier det er tre recessive gen som gir resistens mot AMV1. Resistens mot AMV2 er påvist i primitivt materiale (*C. africanus* og *C. anguria*), men det er langt fram før denne eigenskapen er overført til dyrkingsverdige sortar.

5.3. Skadedyr

Også når det gjeld skadedyr er det starta resistensforedling - i slangeagurk gjeld dette serleg midd og kvitfly. I Nederland (PONTI et al. 1980) har dei som første målsetting å få betre vilkår for snyltarar.


a. Midd - Tetranychus urticar

COSTRA & JONES (1971) og KOOISTRA (1971) meiner at midd gjer større skade på planter som er fri for bitterstoff. Dette er også funne av PONTI (1980) (sjå figur 5.4), men han seier at dette ikkje gjeld generelt. Ved testing av 800 prøver fann PONTI at berre 9 hadde mindre åtak. Midden utviklar seg på alle, men den utviklar seg ikkje like sterkt. Denne resistensen synes å vera avhengig av mange gen. Under testinga har PONTI nytta den engelske skadeindeksen (figur 5.2.). Resultatet av arbeidet til nå går fram av figur 5.3. og 5.4. Dei femten mest resistente linene er frigitt til nederlandske frøfirma, og ein kan venta at sortar med resistens vil koma om nokre år.

b. Kvitfly - Trialeurodes vaporariorum

Dette insektet kan vera eit stort problem i agurkkulturen. Biologisk kamp ved hjelp av snyltevepsen *Encarsia formosa* har ikkje vore så vellukka i agurk som t.d. i tomat. Årsaka til dette synes å vera at agurkblada er så sterkt håra at snyltevepsen har vanskar med å flytta seg hurtig. Dette problemet har ein tenkt å løysa ved å utnytta eigenskapen glatte blad. Ved IVT i Nederland har dei framstilt materiale med glatte blad som og har berre hobloamar, er frie for bitterstoff og har god fruktkvalitet.

Eit anna problem er at *E. formosa* har store krav til temperatur for å vera aktiv. Det vert difor arbeidd med å finna snyltarar som har mindre temperaturkrav slik at dei kan nyttast i kulturar som vert dyrka ved lågare temperatur.



Figur 5.2. Skadeindeks for middåtak hjå slangeagurk.




Fig. 5.3. Skadeindeks på agurkblad på mottakelege, delvis resistente liner og kryssingar mellom delvis resistente liner (eil = økonomisk skadenivå).




Fig. 5.4. Skadeindeks på agurkblad frå liner med og utan bitterstoff. (PONTI 1980).

6. KOPLING

Det er fleire opplysningar om kopling i litteraturen, men i mange tilfelle har foreldrarane greidd å bryta denne. Eit uløyst problem til nå er at mjøldoggresistente sortar får nekrotiske blad i tidlegkultur. Etter at van den Berg har lansert to mjøldoggresistente sortar som kan plantast tidleg, er det truleg at også denne koplinga er broten.

7. KORT OMTALE AV SORTIMENTET

Som nemnt i avsnitt 2 har det skjedd ei kraftig utvikling i foredling av agurk, og mange nye sortar vert marknadsførte. Ved institutt for grønnsakdyrking prøver vi å halda oss ajour med det som kjem, men vi prøver ikkje alt. Frå 1970 har vi hatt med ca. 100 sortar.

For å koma med i forsøk må sortane fylla fylgjande krav:

- ha berre hoblomar
- ha resistens mot ruteflekk
- ha resistens mot gummiflod
- ha bitterfrie plånter
- ha grøn-mørkgrøn fruktfarge

På grunnlag av sortsforsøk er fylgjande sortar godkjende for kontrollert oppal under Statens planteavlslråd:

'Farbio'	Der Ruitter/van den Berg
'Farbiola'	"
'Corona'	"
'Stereo'	"

Mange andre sortar har også stor dyrkingsverdi. Den mjøldoggresistente sorten 'Profito' synes å vera lovande.

8. KONKLUSJON

Som nemnt i innleiinga er det mange gode sortar innan slangeagurk. Desse sortane har mange eigenskaper som sortane ikkje hadde for 60 år sidan. Vi kan venta nye sortar i framtida og med fleire eigenskapar som gjer produksjonen sikrare.

Ved eit jubileum som dette, er det grunn til å stogga opp - tenkje attende, og retta ein takk til alle dei som gjennom sitt arbeid har gjort dette mogleg.

Sortsforsøk med slangeagurk 1978

ROGALAND

Sort	Frølev.	kg/m ² (ca.)			%	g/fr.
		1. mnd.	15/9	20/10		
Pandorex	PA	3,7	29,1	30,9	75	408
Farbio	VDB	4,2	29,5	31,2	83	435
Farbiola	"	4,3	29,2	30,9	84	438
Stereo	"	4,2	30,3	32,1	84	455
Famosa	"	4,3	29,0	30,8	84	435
Corona	"	4,2	31,0	33,0	84	478

BUSKERUD

Sort	Frølev.	kg/m ²			% Kl. I	
		1. mnd.	1/7	2. pl.	1. pl.	2. pl.
Pandorex	PA	7,7	32,1		86	
Farbio	VDB	8,1	34,1	17,1	89	94
Farbiola	"	7,8	34,5	16,4	89	96
Stereo	"	7,8	32,6	15,8	89	97
Famosa	"	6,4	30,5	14,8	92	96
Corona	"	8,1	33,9	16,0	91	97
446	WW			16,4		98

Sortsforsøk med slangeagurk 1977

Sort	Frølev.	Rogaland		Buskerud			
		kg/m ² (ca.)		kg/m ²			
		16/5	15/9	Vårpl.		S.pl.	Sum
Andrex	PA	5,6	23,4	4,9	29,5	15,6	45,1
Pandorex	"	6,1	23,9	3,6	29,3	16,7	46,0
Stereo	VDB	6,7	25,5	5,6	30,4	16,8	47,2
Famosa	"	6,2	24,1	4,8	28,9	16,7	45,6
Farbiola	"	6,2	24,4	5,4	30,1	17,0	47,1
Farbio	"	6,3	23,7	4,6	30,3	16,5	46,8
Urania (K347)	WW	5,2	29,5	2,3			
Reform (No 92)	RZ					15,7	

Sortsforsøk med slangeagurk 1980

ØKSNEVAD

Sort	Frølev.	l. h.-dag	kg/rute			% Kl. I	Gram/frukt
			30/0	31/5	22/8		
38 Farbio	VDB	20/4	29,5	125,3	301,7	76	390
80 Bella	NUN	20/4	25,3	115,8	269,5	70	405
81 Silvia	"	18/4	29,3	104,4	233,9	70	411
82 Tirana	ENZA	18/4	34,7	123,1	306,0	72	406
83 E 5054	"	18/4	23,0	112,4	281,4	69	371
84 Birgit	"	21/4	30,2	116,1	314,9	73	373
85 Ramona	DP	18/4	31,8	115,7	256,6	73	388
86 1320/78	BRU	18/4	31,2	121,2	306,6	75	351

Lokale sortsforsøk med slangeagurk 1980

ROGALAND

Sort	Frølev.	Avling kg/m ²				Sum 2 pl.tider	% Kl. I	Gram/frukt
		a		b				
		30/4	7/7	31/8	15/10			
Farbio	VDB	9,98	27,70	5,45	12,18	39,88	86	442
Corona	"	10,14	27,13	6,66	11,75	38,88	85	397
Minisol	"	9,41	30,67	4,26	10,75	41,46	100	325
Evadan	BRU	9,90	28,84	7,38	12,49	41,33	79	390
Vetomil	"	8,28	24,85	7,12	13,13	37,98	77	422
Primio	VDB	10,00	27,62	6,66	12,19	39,81	84	387

Slangcagurk - Nederlandske resultat

NAALDWIJK 1977

Sort	Frølev.	kg/m ²		Gram/frukt	Vurdering av				
		Tidl.	Tot.		Vekst	"Prod"	Fruktform	Fruktfarge	Fruktlengde
75544-55	DP	9,9	21,6	455	6,5	6,5	5,5	6	7
Boneva	BRU	9,9	19,2	502	6,5	6	6	6	7,5
T 75	VDB	9,9	23,6	432	7	7	7	7	6
Curio	"	9,8	24,0	450	7	7	7	7	7
Corona	"	9,1	24,1	448	7	7	7	7	7
Farbiola	"	9,2	24,2	434	7	7	7	7	6,5
Sandra	NUN	10,0	21,7	465	7	6,5	6	6,5	7

Svaktveksande sortar: 'Boneva' - 'Stereo' - 'Uniflora D'

Sterktveksande sortar: 'Famosa' - 'Farbiola' - 'Sandra' - 'Curio' - 'Corona'

(Stolle, The Grower 1978, s. 635)

Lokale forsøk 1978

Sort	Frølev	kg/m ²		Gram/frukt	Vurdering av			
		Tidl.	Tot.		Fruktform	Fruktfarge	Fruktlengde	∇ farge 9 døger
Farbio	VDB	2,4	21,5	486	6,7	6,7	6,8	1,3
Corona	"	2,8	22,0	509	7,5	6,7	6,6	0,9
Stereo	"	2,9	20,6	508	7,1	6,6	6,5	1,3
T 337	"	2,7	19,7	488	6,7	6,8	7,5	-
Primio	"	3,2	22,1	502	7,2	6,8	6,6	1,2
Boneva	BRU	3,1	18,8	515	6,3	6,3	6,3	1,3

Tilråding: 'Farbiola' - 'Corona' - 'Primio'

'Stereo' - der ein har sterk vekst

'Famosa' - god fruktkvalitet, "tung" frukt

'Sandra' - for ekstra tidleg planting

'Uniflora D' - der ein har svært sterk vekst

Ikkje tilrådd: 'T 337' - 'Boneva'

(Stolle, Groenten en Fruit 1978, 34: 16: 42-43)

Vekst	: 5 = svak	8 = svært sterk
"Prod"	: 5 = dårlig	8 = svært god
Fruktform	: 5 = dårlig	8 = svært god
Farge	: 5 = lyse	8 = svært mørk
Lengde	: 5 = for kort	8 = for lang

9. LITTERATUR

- ANDEWEG, J.M., 1962. Gurken. Handbuch der Pflanzenzüchtung. VI: 313-331. Parey Verlag, Hamburg.
- ANON., 1968. Res. Rep. of the Res. Branch Canad. Dept. Agr. 1967, s. 429.
- ANON., 1977. Agr. Res. Council Ann. Rep. 1976-77. Ford s. 47.
- ATSMON, D., 1968. The interaction of genetic, environmental, and hormonal factors in stem elongation and floral development of cucumber plants. Ann. Bot. 22:877-882.
- BARHAM, W.S., 1953. The inheritance of bitter principle in cucumbers. Proc. Amer. Soc. Hort. Sci. 62: 441-442.
- CARLSSON, G, 1961. Studies of blind top shoot and its effects on the yield of greenhouse cucumbers. Acta Agric. Scand. 11: 160-162.
- " 1963. Studies on factors influencing yield and quality of cucumbers. 2 Development and hardiness of the roots. Acta Agric. Scand. 13: 149-156.
- " 1973. Studier av faktorer som påverkar avkastning och kvalitet hos gurkor. III. Frukternas storlek vid skörden och den inverkan på fruktsättning, total avkastning och kvalitet. Stensilserie SUF Hg nr. 3, 9 s.
- CUSTERS, J.B.M., 1980. Overcoming incongruity in interspecific crosses in cucumis. Eucarpia meeting 19-22 Aug. 1980, 50-55.
- DACOSTA, C.P. & C. JONES, 1971. Cucumber beetle resistance and mite susceptibility controlled by the bitter gene in Cucumis sativus L. Science: 1145-1146.
- EKSTRÖM, B. & B. GUSTAFSSON, 1975. Arbete och avkastning i odling av femalegurka och vanlig gurka. En fallstudie. Lantbr.högsk. Medd. Serie A Nr. 232, 31 s.
- GEORGE, W.L., 1970 a. Dioecism in cucumbers, Cucumis sativus L. Genetics 64: 23-28.
- " 1970 b. Genetic and environmental modification of determinate plant habit in cucumbers. J. Amer. Hort. Sci. 95: 583-586.
- " 1970 c. Crop improvement of cucumbers by control of sex. Frontiers Plant Sci. 23(1): 4-5.

- GRIMBLY, P.E., 1972. Cucumber. Ann. Rep. 1971.
" 1973. " " " 1972.
" 1977. " " " 1976.
" 1978. " " " 1977.
" 1979. " " " 1978.
Ann. Rep. Glasshouse Crops Res. Inst. Littlehampton.
- HUTCHINS, A.E., 1940. Inheritance in the cucumber. J. Agr. Res.
60: 117-128.
- JENKINS, J.M. jr., 1946. Studies on the inheritance of downy
mildew resistance and of other characters in cucumbers.
J. Hered. 37: 267-271.
- KOOISTRA, E., 1968. Powdery mildew resistance in cucumber.
Euphytica 17: 236-244.
" 1969. The inheritance to Cucumis virus 1 in cucumber
(Cucumis sativus L.). Euphytica 18: 326-332.
" 1971 a. Red spider mite tolerance in cucumber.
Euphytica 20: 47-50.
" 1971 b. Inheritance of fruit flesh and skin colour
in powdery mildew resistant cucumbers (Cucumis sativus L.).
Euphytica 20: 521-523.
- KROON, G.H., J.B.M. CUSTUS, P.C. de JONG, YO KHO, O.P. van der MEER
& O.M.B. de PONTI, 1977. Een literatuurstudie over mogelijk-
heden en perspectieven van soortkruisingen in het geslacht
Cucumis. IVI-rapp. 132, 18 s.
- KUBICKI, B., 1969. Investigations on sex determination in cucum-
bers (Cucumis sativus L.). VIII Trimonoecism. Genet. Polow.
10: 123-143.
- MEER, Q.P. van der, J.L. van BENNEKOM & A.C. van der GIESSEN, 1978.
Gummy stem blight resistance of cucumbers (Cucumis sativus L.).
Euphytica 21: 861-864.
- NIJS, A.P.M. den, 1980. Adaptation of the glasshouse cucumber to
lower temperatures in winter by breeding. Breeding of cucumbers
and melons. Eucarpia meeting 19-22 Aug. 1980: 6-10.
- PIKE, L.M. & M.A. MULKEY, 1971. Use of hermaphrodite cucumber
lines in development of gynoeocious hybrids. Hort. Sci. 6:
339-340.

- PONTI, O.M.B. de, 1977 a. Resistance in Cucumis sativus L. to Tetranychus urticae Koch. 1. The role of plant breeding in integrated control. *Euphytica* 26: 633-640.
- " 1977 b. Ibid. 2. Designing a reliable laboratory test for resistance based on aspects of the host-parasite relationship. *Euphytica* 26: 641-654.
- " 1978 a. Resistance in Cucumis sativus L. to Tetranychus urticae Koch. 3. Search for sources of resistance. *Euphytica* 27: 167-176.
- " 1978 b. Ibid. 4. The genuineness of the resistance. *Euphytica* 27: 435-439.
- " 1979. Ibid. 5. Raising the resistance level by the exploitation of transgression. *Euphytica* 28: 569-577.
- " 1980. Ibid. 6. Comparison of near isogenic bitter and nonbitter varieties for resistance. *Euphytica* 29(2): In press.
- PONTI, O.M.B. de & F. GARRETSEN, 1980. Ibid 7. The inheritance of resistance and bitterness and the relation between these characters. *Euphytica* 29(3): In press.
- PONTI, O.M.B. de & J.C. van LENTERN, 1980. Resistance and glabrousness: different approaches to develop biological control of two cucumber pests, Tetranychus urticae and Trialeurodes vaporariorum. Breeding of cucumbers and melons. *Eucarpia* meeting 19-22 Aug. 1980: 28-32.
- RUDICH, J., L.R. BAKER & H.M. SELL, 1978. Ethylene evolution during germination of different phenotypes of cucumbers. *Scientia Hort.* 9: 7-14.
- SCHLÖSSER, L.A., 1950. Gurken. *Handb. Pflanzenzüch.* 1. utg. 5: 441-453. Paul Parey, Hamburg.
- SHANMUGASUNDARAM, S., P.H. WILLIAMS & C.E. PETERSON, 1971 a. Inheritance of spine colour in cucumber fruits. *Hort. Sci.* 6: 213-214.
- " 1971 b. Inheritance of resistance to powdery mildew in cucumbers. *Phytopathology* 61: 1218-1221.
- SHIFRISS, O., 1961. Sex control in cucumbers. *J. Hered.* 52: 5-12.

- SITTERLY, W.R., 1972. Breeding for disease resistance in Cucurbits. Ann. Res. Phytopathology 10: 471-490.
- SMITH, P.G., 1948. Powdery mildew resistance in cucumber. Phytopathology 38: 1027-1028.
- STEEKELENBURG, N.A.M. van, 1980. Comparison of inoculation methods with Didymella bryoniae on Cucumis sativus. Breeding of cucumbers and melons. Eucarpia meeting 19-22 Aug. 1980: 23-27.
- STRONG, W.J., 1931. Breeding experiments with the cucumber (Cucumis sativus L.). Sci. Agric. 11: 333-346.
- TEM MEN, K.H., W. GRUPPE & E. SCHLÖSSER, 1980. Investigations on the resistance of plants to powdery mildew. VI. Basis for horizontal resistance of cucumber cv against Sphaerotheca fuliginea. Breeding of cucumber and melons. Eucarpia meeting 19-22 Aug. 1980: 16-22.
- TKACHENKO, N.N., 1935. (Preliminary results of a genetic investigation of the cucumber - Cucumis sativus L.). Bull. Appl. Bot. Leningrad Scr. II(9): 311-356.
- VISSER, D.L., L. van LEEUWEN & Y.O. KHO, 1980. The IVT cucumis species collection, some aspects of taxonomical and crossability studies. Breeding of cucumber and melons. Eucarpia meeting 19-22 Aug. 1980: 44-49.
- WARID, W.A., K.R. STINO & M.A. AKOBAKR, 1969. Inheritance of resistance to powdery mildew in cucumber, Cucumis sativus L. Abst. XI Int. Bot. Congr. 1969 s. 233.
- WHITAKER, T.W. & G.N. DAVIS, 1962. Cucurbits. Interse. Publ., New York, 250 s.
- YOUNGER, V.B., 1952. A study of the inheritance of several characters in the cucumber. Diss. (Publ. 3659) Univ. of Minnesota, 53 s.

LAGRING AV KINAKÅL

Jakob Apeland
Institutt for grønnsakdyrking, NLH

Konklusjon

Det er viktig å starta med eit frisk materiale - fast kål med minst mogleg skade.

Førebels vil ein tilrå ein lagringstemperatur på $-0,5$ til 1°C og høg relativ luftråme (90-95%).

Innleiing

Produksjonen av kinakål i Noreg er av ny dato. I løpet av dei få åra som har gått sidan kulturen vart introdusert på ny, har produksjonen auka sterkt. I veksttida var det overproduksjon i 1980, men det er plass til produksjon for lagring. Dette er vanskeleg, men einiskilde produsentar synes å oppnå bra resultat.

I Nederland og Vest-Tyskland er det stor produksjon, og der reknar dei med at ein må akseptera 50% svinn etter 3 månader på lager. Dette er altfor dårleg, og det synes å vera grunn til å satsa noko på forsøk, jamvel om det har kome nokre resultat dei siste åra.

Problem

Dei problema som er omtala i litteraturen er:

- Vekttap
- Rotning
- Brunfarging av bladnervene - fysiologisk skade som startar som utydelege, gråbrune flekkar
- Prikknekrose (black leaf spot), fysiologisk skade

Når det gjeld rotning, vil gråskimmel og storknolla råtesopp vera eit av problema, men blautråtebakteriar er også eit stort problem. Ramsey & Smith (1961) nemner Xanthomonas campestris som årsak, medan Hackel (1960) omtalar Erwinia aroidea og Erwinia carotovora.

Faktorar som verkar inn på lagringsresultatet

Produktet

Sorten. Lagringsevna åt ulike sortar synes å vera svært ulik.

Schouten & Dam (1980) har hatt forsøk med 49 sortar. Kålen vart hausta mellom 10. og 26. oktober, lagra ved $0-1^{\circ}\text{C}$ med 95% relativ luftråme til uttak som starta 9. januar, dvs. ei lagringstid på 3 månader. Storleiken på hovuda varierte svært mykje mellom sortane frå 0,28 kg hjå 'Early Top Sakata' til 1,59 kg hjå 'Wong Bok Sakata'. Vekttapet varierte mykje, frå 3,8 til 16,4%. Dette er dårleg korrelert med storleiken, % frisk vare uttatt og % brunfarga blad. De beste resultatata er oppsett nedanfor i tabell 1.

Tabell 1. Tilrådte sortar frå Nederland etter lagringsforsøk i 3 månader ved 0-1°C og 95% relativ luftråme.

Sort	Frø- leverandør	% av uttatt		
		friske	pussesvinn	brunfarging
Michinili	Sluis en Groot	60,9	38,8	0,0
Nr. 1403	Royal Sluis	66,8	31,6	2,7
WR - 55 days	Takii	70,8	25,1	4,8
Treasure Island	Takii	73,2	27,3	0,0

Weichmann (1979) har hatt 27 sortar med i sine forsøk, tildels heilt andre enn dei som er prøvd i Nederland. Lagringsvilkåra var 0-1°C, 90-95% relativ luftråme og lagringstida 40 og 80 døger. Dei beste sortane - vurdert ut frå % salgbar vare - var 'Oriental King' og 'Nippon Spirit'.

Både dei tyske og nederlandske forsøka viser klårt at det er stor sortsskilnad, men kva sortar som er best, er det vanskeleg å trekkje nokon generell konklusjon om. Weichmann har elles gitt uttrykk for at klimaet er viktigare enn sorten. I forsøk med tre sortar ved NLH 1981/82 fann Blystad (1982) klåre sortsskilnader (sjå under temperatur).

Utviklingsgrad. Kål for lagring må vera godt utvikla, dvs. fast, og haustetida vert avhengig av klimaet. Frå Nederland vert det elles sagt - på grunnlag av forsøksresultat (Schouten 1979 a) at det er gunstig å hauste så seint som mogeleg, men også her var det sortsskilnad. Kålen var planta 9. og 30.8. og hausta 5.10 og 26.11.

Det er ikkje utført forsøk med ulik storleikå men Hansen & Bohling (1980) har hatt best røynsle med 1-1,5 kg.

Klimaskader. Dersom ein skal ta sikte på å hauste så seint som mogeleg, er det også av interesse å vita om sortane tåler frost. Dette er det få opplysningar om, men Banholzer & Henkel (1969) skriv at kålen tåler -4°C.

Jord og gjødsling. Det er ingen sikre opplysningar om verknaden av desse faktorane, men Schouten (1979) fann betre lagringsevne hjå kål som var dyrka på sandjord samanlikna med leirjord.


Lagringsvilkåra

Temperatur. Det er få forsøk der verknaden av temperaturen er granska. Dei fleste har gått ut frå at resultata vil verta best ved -1,5 til 1°C, men det er tilrådd så høg temperatur som 6°C (Weichmann 1979).

Hansen & Bohling (1980) har fylgjande tal for andingsintensitet:

3,5°C	14,3	mg CO ₂ /kg · t		
0,5°C	11,1	"	"	"
-1,0°C	7,7	"	"	"
-2,0°C	6,3	"	"	" (normal til fyrst i mars)

Ved vårt institutt har vi arbeidd lite med kinakål, men sesongen 1974/75 hadde vi andingsmålingar ved 0°C for to sortar. Resultatet, som er oppsett i figur 1, viser lågare andingsintensitet enn det som er sitert ovanfor. Andingskurven viser elles at produktet endrar seg fort.



Figur 1. Andingsintensitet hjå kinakål ved 0°C.
NLH 1974/75.

Hansen et al. (1980) har også utført forsøk med ulike lagringsvilkår m.a. ulike temperaturar. Resultata er oppsett i tabell 2.

Tabell 2. Verknad av ulike lagringsvilkår på % salsvare etter ulik lagringstid. Middel av 3 sortar. Hausta 6.11. (Hansen et al. 1980).


Lagringsvilkår			% salsvare		
Temp.	Rel.l.r.	CO ₂ /O ₂	Februar	Beg. av mars	20. mars
0-1	90	luft	55	45	30
÷1	90	luft	92	85	74
÷1	plast	luft	55	37	30
÷2	?	luft	92	83	35
1	95	5/15	87	70	57
1	95	5/3	87	83	73

Av temperaturane er det $\pm 1^{\circ}\text{C}$ som har gitt best resultat, men leddet med $\pm 1^{\circ}\text{C}$ og bruk av plast var dårleg. Om det skuldast høgre temperatur eller høgre relativ luftråme går ikkje fram av dei opplysningane som er gitt.


På bakgrunn av at utviklinga av brunfarginga (bladstilknekrose) minner sterkt om kjøleskade hjå andre produkt, har vi starta forsøk for å klårleggja dette. Det vart nytta tre sortar og fire temperaturar ($0, 2,5, 5$ og 10°C). Nokre av resultatata til Blystad (1982) går fram av figurane 2, 3 og 4.

Resultata i figur 2 viser tydeleg sortsskilnad etter 85 dager ved dei ulike temperaturane. Ved 0° hadde både 'WR Green 60' og 'Tip Top' skade på alle hovuda, medan det var 30% hjå 'Treasure Island'. Hjå sistnemnte sort var skaden svak slik at det vart høg % salsvare (sjå figur 3). Kor sterk skade det var på dei ulike blada hjå 'WR Green 60' ved $0, 2,5$ og 5°C går fram av figur 4.


Konklusjonen på dette forsøket er at det er sterke indikasjoner på at bladstilknekrose skuldast for låg lagringstemperatur. Resultata frå forsøk 1982/83 viser same tendens.



FIGUR 2 - Talprosent hoder med innvendig bladstilknekrose etter 85 døgn på lager.



FIGUR 3 - Vektprosent salsvare av kinakål etter 85 / dager hjå 3 sorter ved 3 temperaturar.




FIGUR 4 - Arealprosent av bladstilken som var skadd av innvendig bladstilknecrose hos 'WR Green 60' ved temperaturer. Blada er numerert utanfrå og innover.

Luftråmen. Tilrådingane om optimal luftråme til kinakål varierer også sterkt. Det burde vera innlysende at eit produkt av denne typen må lagrast ved høg relativ luftråme. Det er difor meir interessant å stilla spørsmålet - kor nær metning bør luftråmen vera?

Berg & Lentz (1977) som har arbeidd med dette spørsmålet for fleire kulturar, fann 0,6-2,6% svinn/månad ved 90-95% og 0-0,2 ved 98-100. I våre forsøk med andingsmåling der den relative luftråmen er $\approx 100\%$ hadde vi 0,9% vekttap/månad, men dette er svært avhengig av kvaliteten av kålen.

Weichmann (1979 b) har også granska vekttapet ved 90-95% og $>97\%$ (mantelkjøling) ved $0-1^{\circ}\text{C}$. Resultatet som er oppsett i figur 2, viser at høg relativ luftråme er viktig for å redusera vekttapet, men andre tapsårsaker kan resultera i at skilnaden i salsvare vert liten.



Figur 5. Verknad av lagringstid og relativ luftråme på svinn hjå kinakål.

(Weichmann 1979 b)

I forsøka til Hansen et al. (1980) var det som nemnt, negativ verknad av plastdekking. Det er ikkje klart kva årsaka til dette er, men i praksis har det også vist seg at ein har fått betre resultat utan bruk av plastfolie.

Luftsamansetnaden. Lagring i endra atmosfære er granska av Weichmann (1977), Schouten (1979 b) og Hansen et al. (1980).

Weichmann (1977) hadde følgjande kombinasjonar: 0/21, 2,5/18,5 5/16, 7,5/13,5, 2/2, 5/2 og 5/5. Ved å auka CO_2 -konsentrasjonen frå 0 til 7,5%, var det ein positiv verknad etter 40 døger, men etter lagring i 120 døger var resultatet dårlegare.

Heller ikkje kombinasjonane med lågt O_2 -innhald (2 og 5%) gav betre resultat.

Schouten (1979 b) hadde kombinasjonane 0/21, 6/15 og 3/3. Resultata som er oppgitt i tabell 3, viser eit generelt dårleg resultat. Det beste resultatet vart likevel oppnådd med samansetnaden 3% CO₂/3% O₂.

Tabell 3. Resultat frå lagringsforsøk med ulik luftsamansetnad ved 0-1°C. Starta 14.10, avslutta 27.1, dvs. 3½ månad.

CO ₂ /O ₂	% rel.l.r.	% vekttap	% pussesvinn	% salsvare
0/21	> 98	5,8	70,5	23,8
0/21	turr	17,4	61,5	20,7
6/15	> 98	6,2	68,4	25,4
3/3	> 98	2,7	56,8	40,4

Resultata frå forsøka til Hansen et al. (1980) er oppført i tabell 2. Dei hadde kombinasjonane 0/21, 5/15 og 5/3. Dei fann relativt stor effekt av å endra luftsamansetnaden, og dei fekk også best resultat med lågt oksygeninnhald.

Dei resultatata som er nemnde, er til dels sterkt motstridande. Førebels kan ein ikkje tilrå lagring i endra atmosfære, men i forsøk burde ein klårleggja kva effekt ein reduksjon av oksygeninnhaldet åleine har på lagringsresultatet.

Serlege rådgjerder

Det er ikkje nytta serlege rådgjerder under lagring av kinakål bortsett frå bruk av plastfolie for å redusera vekttapet.

Litteratur

- Banholzer, G. & A. Henkel 1969. Verlängerung des Angebotes durch Lagerung von Chinakohl. Der Deutsche Gartenbau 16: 298-300.
- Bjørnstad, A. 1982. Pers. informasjon.
- Blystad, D.R. 1982. Lagring av kinakål. Hovudoppgåve NLH 1982.
- Böttcher, H. 1965. Die optimalen Lagerbedingungen für Gemüse und Kartoffeln. Die Kälte 18: 5-10.
- Frölich, H. & A. Henkel 1959. Die Lagerung von Chinakohl. Der Deutsche Gartenbau 6: 245-248.
- Hackel, E. 1960. Zur Ätiologie einer Weichfaule des Chinakohles. Phytopath. Zeitschr. 39: 361-388.
- Hansen, H. & H. Bohling 1980. Long-term storage of Chinese cabbage. Acta Hort. (in press).
- Ramsey, G.B. & M.A. Smith 1961. Market diseases of cabbage, cauliflower, turnips, cucumbers, melons, and related crops. U.S. Dep. Agr. Handbook No. 184, 49 s. 24 fig.
- Schouten, S.R. 1979 a. Laat geogste Chinese Kool goed bewaarbaar? Groenten en Fruit 35(17): 44-45.

- Schouten, S.P. 1979 b. CA-bewaring Chinese kool. Groenten en Fruit 35(17): 46-47.
- Schouten, S.P. & R. van Dam 1980. Bewaring Chinese kool. Groenten en Fruit 36(1): 46-47.
- Van den Berg, L. & C.P. Lentz 1977. Effect of relative humidity on storage life of vegetables. Acta Hort. 62: 197-208.
- Weichmann, J. 1977. CA storage of Chinese cabbage. Acta Hort. 62: 119-129.
- " 1979 a. Die Haltbarkeit verschiedener Chinakohl-sorten. Rhein. Monatsch. 67: 456-457.
- " 1979 b. Hohe oder niedriger relative Luftfauchte in Chinakohllager? Rhein. Monatsch. 67: 504.

VIRKNING AV FORLAGRING PÅ
LAGRINGSRESULTAT HOS KÅLROT

Marit Neergaard
Institutt for grønnsakdyrking, NLH

Konklusjon

Forlagring av kålrot har gitt en viss bedring av lagringsresultatet i kl. I sammenliknet med konstant kjølelagring. Sårhelingsevnen øker fra 0-15°C, men bare ved 10 og 15°C har vi fått nydanning av peridem. Da materialet er lite, og siden det ikke har vært så store utslag for forlagring, kan en likevel ikke anbefale forlagring av kålrot ut i fra disse forsøkene.

Med forlagring menes en kortere lagringsperiode ved høyere temperatur etter innhøsting før den egentlige langtidslagringen som for kålrot foregår nær 0°C.

Hensikten med denne varmelagringen er å oppnå bedre skallkvalitet og heling av sår som oppstår under innhøstingen, for dermed å få et bedre lagringsresultat. De gode resultatene som er oppnådd med forlagring av potet har inspirert til å se på virkningen av forlagring også hos kålrot.

Enten en høster kålrot for hånd eller ved hjelp av maskiner kan en ikke unngå at røttene får sår og skader.

Sår er inngangsport for mikroorganismer og øker vanntapet fra røttene.

Om røttene blir angrepet av mikroorganismer avhenger både av røttenes motstnadsevne og av hvor aggressive sykdomsorganismer er. Tykk overhud er en god mekanisk beskyttelse mot angrep. Men også andre faktorer enn skallet har betydning: Saftspente røtter har stor evne til å hindre gråskimmelangrep også gjennom sår. Hos gulrot er det funnet at denne evnen forsvinner etter noen måneder på lager. Ved uttørking angripes også røttene lettere.

Korklaget verner det underliggende vevet mot sykdomsangrep utenfra og mot uttørking. Tykkelsen av korklaget kan være forskjellig ved høsting avhengig av sort, veksttid og klima. Usåret peridem eller kork består for det meste av døde, mursteinsformete celler. De er regelmessig oppbygd og ligger tett inntil hverandre.

Ved fjerning av overhuden prøver røttene å lage ny overhud.

Sårheling blir gjerne delt i 3 prosesser:

- 1) Kallusdanning
- 2) Forkorking av ytre cellelag
- 3) Danning av sårperidem

Kallusdanning er ikke så vanlig. Det skjer bare ved høy temperatur og høy fuktighet og særlig hos unge røtter.

Ved kallusdanning fylles såret av en masse av levende udifferentierte celler. Denne uorganiserte delingstilveksten stanser vanligvis snart, og det skjer en spesialisering, slik at en får nytt vev av det slaget som var der før såingen. På overflater får en altså dannet sårkork.

Mer vanlig er det at sårhelingen starter med en suberininnleiring i uskadde celler inntil sårflaten.

Veggene i korkcellene er for det meste oppbygd av suberin og voks. Dette er fettløselige forbindelser som gjør korkcellene vannavstøtende. Disse cellene beskytter derfor effektivt vevet under mot vanntap.

Forkorkingen starter med en hinneinnleiring på overflaten av såret. Etterhvert fylles hele celleveggene med suberin i flere cellelag innover.

Under gunstige temperatur- og fuktighetsforhold vil en etter suberininnleiringen få dannet sårperidem, som er siste del av den egentlige sårhelingsprosessen.

Ved danning av sårperidem deler cellene seg 2-3 cellelag inn fra såroverflaten slik at en får flere lag med mursteinsformete celler, som i det opprinnelige korklaget.

Til undersøkning av sårheling hos kålrot har vi brukt en metode som også har vært brukt for potet.

Metoden går ut på å såre røttene og så lage snitt fra overflaten av sårene og innover i røttene og se på disse snittene i fluoresensmikroskop.

Suberin blir selvfluoreserende eller selvlysende ved bestråling med lys av en bestemt bølgelengde så lenge bestrålingen pågår. Celler med suberin i veggene skiller seg derfor ut fra det underliggende vevet som ikke er selvlysende.

Snitt ble tatt fra kålrøttene fra den 3. dag etter såring og til og med 28. dagen og antall suberininnleirete cellelag og antall cellelag med deling ble registrert.

Såring foregikk ved høsting ved at siderøttene ble kuttet av og ved å rispe røttene med en spiker som ga et 1-1½ mm dypt sår. Fra kuttsårene ble det laget snitt både i sårkanten og midt i såret.

Forhold som virker på sårhelingen

I. Forhold ved produktet

- 1) Sorter: Hos potet er det funnet betydelige sortsforskjeller mht. sårhelingsevne både når det gjelder tidspunkt for nydanning av celler og antall cellelag.

Vi har ikke funnet så klare forskjeller mellom de

3 kålrotsortene Bangholm 'Ruta', 'Altasweet' og 'Gry', som vi har brukt. Når det gjelder suberininnleiring har 'Gry' gitt best resultat ved 0 og 5°C. Ved 10°C og 15°C har 'Bangholm' gitt best resultat.

- 2) Fysiologisk alder v/høsting: Unge røtter heler sår raskest. Vi har høstet røttene våre ved vanlig høstetid i sep./okt. (såing i mai).
- 3) Tid etter opptak: Helingen går raskere rett etter opptak enn etter en lagringsperiode ved 0°C, og evnen til å danne sårperidem er størst like etter høsting. Vi har sett på sårhelingsvevnen i en periode som skulle gi god sårheling.
- 4) Sårtype: Hvor raskt sårhelingen går avhenger av skadetype. Vi har funnet en raskere suberininnleiring for rispene enn for sår laget ved kutting av siderøtter (jfr. fig. 1 og 2)




Fig. 1.




Fig. 2.

II. Forhold ved lagringsklima

- 1) Temperatur: Sårhelingsprosessene er svært temperaturavhengig (jfr. fig. 3). Suberininnleiringa foregår raskere og i flere lag ved stigende temperatur. Dette gjelder også for peridem-danning. Danning av et nytt korklag krever høyere temperatur enn suberininnleiringen.




FIG. 3.




FIG. 4.

Hos potet er det funnet peridemdanning bare ved 13-15°C. Ved 3,5 og 7°C ble det bare funnet suberininnleiring.

Hos kålrot har vi funnet suberininnhold helt ned på 0°C, men selv etter 4 uker var knapt 1 cellelag fylt med suberin ved denne temperaturen. Ved 15°C går forkorkingen mye raskere. Allerede etter 3 døgn var vel 1 cellelag fylt med suberin og etter 3 uker var 3,5 cellelag suberininnleiret.

Ved 0°C og 5°C fant vi ingen peridemdanning (jfr. fig. 4). Ved 10°C startet peridemdanningen etter 2-3 uker avhengig av sårtype og ved 15°C startet prosessen 10-14 døgn etter såing.

- 2) **Luftfuktighet:** Høy luftfuktighet er gunstig for danning av suberin og sårperidem. Danning av sårperidem er mer avhengig av høy luftfuktighet enn suberinisering.

I forsøk med potet og luftfuktigheter fra 80-95% ett lite utslag på suberininnleiringen. Men høyeste luftfuktighet ga utslag for peridemdanning.

Vi har bare hatt med en luftfuktighet i kålrotforsøkene våre. Vi har derfor lagret røttene i perforerte plastsekker for å oppnå høy relativ luftfuktighet.

- 3) **Ventilasjon:** Sterk ventilering fører til langt flere døde celler over suberininnleirete celler. I sekkene våre har vi også hatt en viss uttørking på overflaten selv i stillestående luft.
- 4) **Luftsammensetning:** Sårheling går best i vanlig atmosfære. Senking av oksygeninnholdet hemmer sårhelingen. Et øket CO₂-innhold kan også hemme sårhelingen.

Forlagring

For å se på virkningen av sårheling på vekttap og råtetap har vi lagret kålrot i ca. 7 md ved 0°C etter en forlagringsperiode fra 1-3 uker på 5, 10 og 15°C. Vi har lagret røttene i kasser med og uten plast (jfr. tab. 5, 6 og 7).

Tabell 5. Forlagring - uten plast.

% av innlagt	0°C	5°C			10°C			15°C		
	Konst.	1 u	2 u	3 u	1 u	2 u	3 u	1 u	2 u	3 u
Vekttap	22	20	15	17	21	14	14	17	17	17
Råtetap	0,5	0,5	0,3	0,8	0,3	0,5	0,7	2,2	1,6	3,9
Kl I	67	70	75	76	60	74	71	74	54	56
Kl II	8	5	5	7	15	9	9	5	22	15

Tabell 6. Forlagring - med plast.

% av innlagt	0°C	5°C			10°C			15°C		
	Konst.	1 u	2 u	3 u	1 u	2 u	3 u	1 u	2 u	3 u
Vekttap	6	5	4	6	5	5	5	6	6	7
Råtetap	3,3	3,2	3,2	3,6	2,2	4,5	8,1	2,9	11,3	5,5
Kl I	62	76	73	72	79	68	64	74	48	62
Kl II	22	12	15	12	10	16	16	12	26	16

Tabell 7. Forlagring 10°C.

% av innlagt	Plast	0°C	10°C		
		Konstant	1 u	2 u	3 u
Vekttap	Uten	22	21	14	14
	Med	6	5	5	5
Råtetap	Uten	0,5	0,3	0,5	0,7
	Med	3,3	2,2	4,5	8,1
Kl I	Uten	67	60	74	71
	Med	62	79	68	64
Kl II	Uten	8	15	9	9
	Med	22	10	16	16

Våre resultater viser en viss bedring i % i kl I etter forlagring. Hoftun har også funnet en positiv virkning av 7-14 døgn forlagring ved 15°C.

Ut fra disse forsøkene kan en likevel ikke anbefale forlagring av kålrot. Det er flere vanlige lagringssykdommer på kålrot som vi ikke har hatt smitte av i forsøkene våre. Vi vet f.eks. lite om virkningen av algesoppssmitte på forlagringen. Det er dyrkere som er mye opptatt av å la røttene tørke litt ut før innsetting på kjølelager. Det er mulig at dette kan virke positivt dersom det er klinete opptakingsforhold. Men en for sterk uttørking kan svekke røttene så mye at en får store problemer med gråskimmel. Dette kan etter det som tidligere er sagt heller ikke kalles for sårheling.

MEKANISERING AV HAUSTEARBEIDET

HOS GRØNSAKER - VERKNAD PÅ LAGRINGSEVNE

Halldor Hoftun
Institutt for grønnsakdyrking, NLH.

KONKLUSJON.

1. Kvaliteten på haustearbeidet har svært mykje å seia for den potensielle lagringsevna hos produkta.
2. Det er skilnad på dei ulike vekstslaga si evne til å tåla mekanisk hausting.

Det er oppnådd mest positive resultat med mekanisk hausting av kepalauk. Hovudkål har reagert mest negativt. Rotvekstane står i ei mellomstilling, men det syntest som om raudbete tålar maskinhausting betre enn gulrot.

3. Sjukdomstilstanden på feltet har stor innverknad på skilnaden i lagringsevne mellom hand og maskinhausta produkt.
4. Maskinhausting gjer produkta meir utsette for "tilfeldige" sjukdomsangrep enn handhausting. Eksempel på dette er gulrotkvitfleck og storknolla råtesopp på maskinhausta, men ikkje på handhausta gulrot frå same felt. Tilsvarende observasjonar har vi for algesopp i kål.
